

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 22.04.16

**SAKSHANDSAMAR:** Tomas Jonson

**SAKA GJELD:** **Årsrapport 2015 Avvikshandtering pasientrelaterte hendinger**

**ARKIVSAK:**

**STYRESAK:** 024/16

**STYREMØTE:** 29.04.16

---

### FORSLAG TIL VEDTAK


Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering

## Bakgrunn for saka

Uønskete hendingar og avvik i Helse Fonna blir rapportert i systemet Synergi. I 2015 blei det registrert 1183 saker som var pasientrelaterte, samanlikna med 1244 saker i 2014


Figurane i denne rapporten viser pasientrelaterte saker per klinikk/område, pasientrelaterte hendingar per månad og kor mange av desse som er meldt kunnskapssenteret. Tal for 2014 er tatt med til samanlikning.

Figur 1 viser korleis talet på pasientrelaterte saker er fordelt på klinikkar og område i føretaket.




Figur 1: Talet på meldte pasientrelaterte uønskete hendingar i klinikk/område i Helse Fonna i 2015 (tal for 2014 til samanlikning).

Pasientrelaterte uønskede hendinger som har ført til eller som kunne ha ført til skade skal meldast til Kunnskapssenteret. Figur 2 viser talet på saker registrert som pasientrelaterte, og talet på dei som er sendt til Kunnskapssenteret. Andel saker meldt Kunnskapssenteret i 2015 var 23 %.



Figur 2: Tal pasientrelaterte uønskede hendinger meldt i Synergi og tal meldingar sendt til Kunnskapssenteret frå Helse Fonna januar – desember 2015.

Figur 3 viser fordeling av dei uønskte hendingane som er meldt som pasientrelaterte skader etter type hending. Det blir registrert flest pasientrelaterte saker knytt til «Fall». Dette er venta, då ein har hatt fokus på denne hendingstypen over tid mellom anna gjennom Pasienttryggleiksprogrammet. Legemiddelhandtering, til saman med gruppa «pasientbehandling og pleie – øvrig», er de andre pasientrelaterte hendingstypar der det vert registrert mange saker.



Figur 3: Fordeling av hendingstypar for pasientrelaterte saker i 2014 og 2015.

### Oppsummering

Talet på meldte pasientrelaterte saker er i prinsipp likt i 2014 og 2015. I 2015 vart det meldt 1183 pasientrelaterte samanlikna med 1244 saker i 2014.

Ein må i det vidare arbeidet ha fokus på saksbehandlingstida på meldingane og tiltaka særskilt med tanke på hendingar med alvorlege konsekvensar, jamfør sak om oppfølging av revisjon «Handtering av uønskte hendinger i helseføretaka 2015»